

Møtereferat

Dato: 26.06.2017

Emne:	Innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Møtereferat administrativt telefonmøte 23. juni 2017	
Til stades:	Odd Ivar Øvregård, Kvinnherad kommune Magnus Mjør, Stord kommune Lovise Vestbøstad, Stord kommune Sylve Rusten, Stord kommune Håkon Rasmussen, HFK Thorbjørn Aarethun, HFK Matti Torgersen, HFK	
Forfall:		Sak: 2016/943-19
Møtetid:	23. juni 2017 kl 12.30-13.00	Møtestad: Telefonmøte

Møteleiar: Håkon Rasmussen**Referent:** Matti Torgersen

Håkon Rasmussen orienterte kort om bakgrunnen for møtet. Eit mogleg ferjekai ved Djupavikneset i Stord kommune har vore utgreidd, og er forkasta. Det er også kome ein førespurnad frå Kommunal- og regionaldepartementet (sjå nedanfor), som skal besvarast. Fylkesutvalet i Hordaland gjorde 22. februar vedtak om å setje i gang ein planprosess saman med kommunane Stord og Kvinnherad for framtidig ferjesamband mellom dei to kommunane der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Det vart vedteke at planen kan utarbeidet som regional plan etter Plan- og bygningslova § 8-1 dersom kommunane sluttar seg til dette. På grunnlaget av dette vedtaket sendte fylkeskommunen ut eit brev til kommunane Stord og Kvinnherad 13 mars 2017 der det vart bedt om tilbakemelding på vedtaket i fylkesutvalet.

Magnus Mjør refererte til vedtak i Stord kommunestyre 20 april 2017:

...

Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39.

Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.

Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandsone til føremålet.

Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvare å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.

Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:

- *Kortare overfartstid*
- *Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes*
- *Frekvens*
- *Finansiering*

Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsvegar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.

Odd Ivar Øvregård viste til at førespurnaden frå fylkeskommunen ikkje er handsama som eiga politisk sak i Kvinnherad kommune. Det er gjort tilstrekkelege vedtak tidlegare til å starte opp ein planprosess for ferjesambandet Stord-Kvinnherad uavhengig av planform, og det er difor ikkje naudsynt å handsame brevet politisk.

Magnus Mjør viste m.a. til at kommunestyret i Stord har vedtak om å ikkje ta i bruk ny, uberørt strandsone til føremålet.

Vidare har ordførar i Kvinnherad vendt seg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i brev datert 15. mars 2017 med førespurnad om statleg reguleringsplan for å slå fast kor ferjeleiet skal plasserast. På grunnlag av denne førespurnaden, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet i brev datert 25. april 2017 bedt om fylkeskommunen si vurdering av saka, og behov for å nytte statleg plan for å finne ei løysing.

Thorbjørn Aarethun nemnte to nye moment i saka:

- Det blir frå 2018 innført ei ny ferjeavløysingsordning som inneberer at også innkorting av ferjesamband kan gje grunnlag for ferjeavløysingsmidlar. Dette kan bidra i eit finansieringsopplegg for innkorting av sambandet.
- I samband med NTP 2018-29 er det klårgjort at det ikkje vert utarbeida ein KVVU for samband mellom E134 og Bergensområdet (diagonalen). Dette gjer at det ikkje vert utgreidd eit mogleg ferjefritt alternativ for ein diagonal som går mellom Kvinnherad og Stord.

Moglegheita for ny planprosess vart drøfta. Det vart semje om at ein ny plan bør utarbeidast som ein interkommunal plan etter pbl § 9-1. Fylkeskommunen vert tiltakshavar for planen.

Fylkeskommunen utarbeidar eit framlegg til notat om oppstart. Noen moment som skal inn i notatet:

- Fylkeskommunen er tiltakshavar.
- Det vert starta med eit breitt mandat der det vert sett på aktuelle ferjeleier på begge sider av fjorden. Det skal ikkje i starten vere avgrensingar på kva for alternativ som vert vurderte. Ulike alternativ vert silt i planprogramfasen med sikte på å vurdere eit handterleg tal med samband i planfasen.
- Planarbeidet må ta sikte på å vurdere både overfartstid, samla reisetid mellom målpunkt (regionale senter) samt frekvens.
- Planen må også utgreie tilførselsvegar til ferjeleier.
- Det bør vurderast ein politisk styrings/referansegruppe for arbeidet for å sikre politisk forankring for kva for alternativ som vert utgreidd.
- Planen må også innehalde ein realistisk skisse for finansiering av innkorting av sambandet. Moglegheit for ferjeavløysingsmidlar må takast opp med departementet.

Det vert utarbeidd ein politisk oppstartssak for handsaming i kommunane og eventuelt også i fylkeskommunen.

Det vert eit nytt møte på Skype/telefon 23. august kl 9.00 der utkastet til notat vert drøfta.